


# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



## kyrkjekalenderen

### April

Søn.15. kl.11.00 - Ådland  
**Familiegudsteneste**  
Barnas misjonsdag  
Barnekoret tek del

Tors.19. kl.19.00 - Ådland  
**Kyrkjekonsert**  
Tysse og Nordbygda  
musikklag og kantorane  
spelar

Søn.22. kl.16.00 - Haga  
**Storsamling**  
Kompisgudsteneste

Søn.29. kl.11.00 - Ådland  
**Gudsteneste**  
Føresongarar tek del  
Nattverd

### Mai

Tors.3. kl.18.00 - Haga  
**Samtalegudsteneste**

Søn.6. kl.10.00 og 12.00  
**Konfirmasjon**  
i kyrkja på Ådland

## frå kyrkjeboka



### Døypte

24.03

Dennis Gundersen Hisdal  
og  
Sandra Helene Gundersen



### Jordfeste

d.06.03 - Bjørg Valland  
d.09.03 - Agnes Sofie  
Høysæter  
d.13.03 - Edmund Lie

## BØNERINGEN er her for deg.



Står noko på, så ring Audun  
Aase på tlf. 41 52 19 05

Vil du vera med i bøneringen,  
ring det same nummeret.


## TILJUBLA FRAMSYNING VITJAR SAMNANGER

For to år sidan hadde Sogn og Fjordane teater ei fram-syning om Matias Orheim. "Hjertevarmt om Orheim", "vellykka" "... stor innleving og lidenskap" "...oppbyggelig, hjertelig og informativ," var ord som vart brukte av avisene den gongen og fram-syninga gjekk for fulle hus.

No set teateret opp fram-syninga på nytt, og me er så heldige å få vitjing av fram-syninga til kyrkja på Ådland fredag 1. juni. Teateret ville gjerne ha framsyninga i den gamle kyrkja, sidan Orheim sjølv vitja nett denne kyrkja på 50-talet ein gong.

Matias Orheim var ein Nordfjording som vart blind i ungdomsåra. Han reiste rundt i heile landet og forkynte saman med kona Marie. Orheim forkynte ein glad og kvardagsleg kristendom og spelte både på fele og glas. Han har laga mange salmar og songar, og funne vegen til mange hjarta gjennom desse. Salmane står sentralt i stykket.

Publikum får sjå glimt frå livet hans som predikant og



privatmenneske. Me får og møta kona hans, Marie. Ho stod ikkje bak han, men ved sida av han, og samlivet med henne var nok eit vilkår for Orheim si kolossale skapar-

trong og utstrekke reiseverk-semd.

Skodespelarane Frode Rasmussen og Linda Øvrebø har hovudrollene. I tillegg til 4 skodespelarar og, er det og

tre musikarar med, Gro Marie Svidal som spelar fele og gruppa "Draup" som spelar på glas. Dette er altså ikkje berre teater, men også ein musikalsk oppleving, - "musikkteater", kallar dei det sjølv. (Gå gjerne inn på YouTube og sjå Draup i finalen i "norske Talenter" for 3 år sidan og Svidal spela på folkemusikkveka i Ål i 2010.)

Me er kjempeheldige som får høve til å ta del i denne opplevinga her i vår eiga kyrkje. Billettter er alt lagt ut på billettsevice, sjå [www.billettsevice.no](http://www.billettsevice.no) eller ring 815 33 133. Elles vert det sjølv sagt billettsal i døra før forestillinga.

## Konfirmasjon 2013 Full retrett...

I fleire år har konfirmantforeldra i Samnanger snakka om å flytta konfirmasjonen til ein dag det er ei større frihelg, for å gjera det lettare for tilreisande familie. Det har ikkje vore råd å få til på kort varsel, då mange har bestilt lokale i god tid til første søndagen i mai. Denne gongen skulle me gjera alvor av det, og gav beskjed på sist kyrkjeseide om at konfirmasjonen i 2013 vart i pinsehelig.

Då får me beskjed frå dei som lagar mat til omlag halvparten av konfirmantane i Samnanger, at det ikkje er råd for dei å få til å avvikla både pinsehelig og konfirmasjon samstundes. Sidan me på kyrkjekontoret ikkje vil ta ansvar for at alle konfirmantforeldra må laga konfirmasjons-maten sjølv, går me attende til første helga i mai som konfirmasjonshelig også for 2013. Då skulle konfirmasjonsdagen verta 5. mai. Beklagar om me har sett bry på nokon med denne vinglinga!  
Kyrkjekontoret

## Kyrkjelydshelg på Wallemtunet i juni!

**1.-3. juni er det tid for hyttetur med heile kyrkjelyden.**



### Program:

Ulike aktivitetar, måltid, underhaldning, sosialt samver, temasamling om korleis me kan vera til velsigning for bygda me bur i, turar i nærområdet, grilling, kro mm. Me avsluttar turen kl halv fem på sundag – tidsnok til å rekka fellesmøtet på Samnanger bedehus for dei som vil.

Prisen er kr 300 pr person. Barn halv pris. Ta kontakt med kyrkjekontoret for på-melding og program med meir informasjon. Påmeldingsfrist: 17. mai  
Start gjerne helga med teaterframsyning om Mathias Orheim i kyrkja på Ådland fredagskvelden! Sjå info annan stad på sida.  
**BLI MED, DÅ VEL!**

Samnanger Sokneråd